

**Fra:** Magne Wiik (Magne.Wiik@hfk.no)  
**Sendt:** 24.04.2015 09:59:10  
**Til:** Opplæringsavdelinga - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** Kommentar

**Vedlegg:**

**Kommentar til høyring om merkantile tenester og merkantil struktur.**

Ved Arna vgs har skuleleiinga vi gått gjennom høyringsframlegget saman med skulen sitt kontorpersonale. Vi vurderer framlegget som positivt og kontorpersonalet vårt er positive til å få litt nye og gjerne litt meir utfordrande oppgåver.

Størrelse på bemanninga ved den enkelte skule meiner vi må diskuterast i høve til skulen sin kompleksitet. Ein stor yrkesfagleg skule, ein stor kombinert skule treng ei høga bemanning enn ein skule for allmennfag.

Når det gjeld kompetansekrava som vert stilt til den enkelte stilling har vi ikkje så store innvendingar om dette.

Det ein må vera merksam på er at ved dei fleste skulane i dag er det få i det merkantile personalet som har kompetanse på nivå med siviløkonom og / eller har bachelorgrad.

Vi vil likevel tru at på mange av HFK sine vgs er det personar som har meir enn god nok realkompetanse til å ta på seg ein administrativ leiarfunksjon. Det vert difor viktig å gjera gjera gode vurderingar nå ein skal iverksetja den nye strukturen.

Mvh  
Magne Wiik  
Rektor  
Arna vgs